

Villreinfjellet som verdiskaper

Referat for møte i styringsgruppa 2. oktober 2019. Skype-møte kl. 08.00 – 09.00

Til stade frå styringsgruppa: Bjørn Laugaland, Ola Olsbu, Signe Sollien Haugå, Ørnulf Haraldstad, Tor Arne Eiken.

Forfall: Margit Smeland og Åshild Hus

Frå prosjektleiinga: Øystein Kristensen, Alf Odden, Guro Sødergren og Jørn Haug

Forfall: sekretær for styringsgruppa Mrianne Singsaas

Sak. 1 Avklaring av økonomisk bidrag til utstilling på Sirdal Fjellmuseum, Kvæven i Sirdal.

Bakgrunn

Saman med Vest-Agder fylkeskommune og Sirdal kommune jobbar arbeidsgruppa 3 (Villreinen og kulturarven) med utvikling av ei utstilling på Sirdal Fjellmuseum med tema innanfor villrein, lokal villreinhistorie (Heiberg mv.), verneområda mv. Dette i tråd med prosjektbeskrivinga for verdiskapingsprosjektet om *Formidling av kunnskap om kulturminne og heiekultur på eksisterande besøks- og informasjonsentre*. Styringsgruppa var så vidt innom temaet i møte 26.11.2018 der styringsgruppa ønska å gå vidare med dette.

Vest Agder fylkeskommune har sagt seg viljuge til å koste eit forprosjekt for ei slik utstilling. Dei skal nytte egne ressursar til dette. Før eit slikt forprosjekt vert sett i gong er det ønskjeleg at verdiskapingsprosjektet avklarar økonomisk bidrag til etablering av ei slik utstilling. På denne måten frå ein tryggleik for at ei etablering er mogleg før nyttar ressursar på forprosjektet. Kostnadane til produksjon av utstillinga er stipulert til kr. 400 000 og det vert søkt om dette beløpet frå verdiskapingsprosjektet. Andre kostnader knytt til eventuelle tilpasningar av lokale mv. må dekkast av Sirdal kommune. Drift av ei slik utstilling må dekkast av andre. Det er naturleg at Sirdal kommune har ei sentral rolle her.

Vurdering

Kr. 400 000 vil spise godt av prosjektmidla. Pr. 30.9.2019 har vi kr. 2,2 mill. disponibelt, men her ligg det ei usikkerheit i høve til kravet om 50% eigenfinansiering som er føresetnaden frå Miljødirektoratet. Oversyn på dette vil ikkje ligge før mot slutten året. Ei førebels vurdering er likevel at sjølv om vi ikkje når målet om 50 % eigenfinansiering vil prosjektet ha midlar nok til å dekke produksjonskostnadane.

Ein har nå eit godt høve til å få til ei flott attraksjon på fjellmuseet, og der sentrale aktørar dreg godt i lag.

Konklusjon

Styringsgruppa sett av kr. 400 000 til produksjon av utstillinga. Styringsgruppa føreset at verdiskapingsprosjektet v/arbeidsgruppe 3 bidreg inn i forprosjektet slik at utstillinga får ei form og retning som er i tråd med mål og strategier i verdiskapingsprosjektet

Vedtak i styringsgruppa

Styringsgruppa er i utgangspunktet positive til å bidra med inntil kr. 400 000 til produksjon av utstillinga. Må sjåast i samanheng med kor mykje dei andre partane skal bidra med i forprosjekt, realisering og drift slik at dette vert eit spleiselag. Arbeidsgruppe 3 v/Alf Odden følgjer opp dette i møte avtalt mellom Sirdal kommune og fylkeskommunen. Det må skrivast eigen avtale om bruk av midla som tar føre seg fordeling av ansvar, korleis pengane skal nyttast og form og retning på innhaldet i utstillinga. Viktig at ansvaret for drift kjem på plass (Sirdal kommune).

Styringsgruppa ønskjer at filmen om villrein og verneområda kan nyttast i ei eller anna form i utstillinga. Guro Sødregren sjekker opp rettigheter til filmen samt kva som teknisk må på plass for å få den opp å gå.

Sak. 2 Utlysing av konkurranse for forretningside

Bakgrunn

I møtet 25.6.2019 vedtok styringsgruppa å lyse ut ein konkurranse mot videregående skuler, høgskuler og evt. også ungdomsskuler. Forslag til utlysingstekst vert sendt styringsgruppa 1. oktober.

Konklusjon

Det vert jobba vidare med teksten ut å frå signal frå styringsgruppa. Siktemål er utlysing i løpet av november månad 2019. Styringsgruppa utgjer juryen for forslaga som kjem inn.

Vedtak i styringsgruppa

Skisse til utlysingstekst var sendt ut på førehand. Styringsgruppa sine merknadar er innarbeida i denne (merka raudt):

Har du ein forretningside knytt til villrein og villrein fjell?

Verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell» lyser med dette ut ein konkurranse om beste forretningside

- Forretningsideen kan vera produkt eller tenester og må ligge innanfor verdiskapingsprosjektet sine tematiske rammer. Nokre døme kan være: opplevingar, formidling, kulturarv, jakt, sal av produkt som er relatert til verneområdet, villreinen eller kulturen knytt til SVR/villreinområdet.
- Konkurransen er open for alle studentar og elevar ved universitet, høgskuler og videregående skular, men forretningsideen må være relatert til Setesdal-Ryfylke villreinområde. Sjå denne lenka for meir informasjon om villreinområdet <https://www.villrein.no/setesdal-ryfylke-2>
- Det er satt av tilsaman kr 50.000,- til premiering av dei beste foretningsideane.
- Innsendte forretningsidear må innehalde desse punkta og ha eit omfang på inntil 5 A4 sidar:
 - Kort omtale av ideen
 - Kven er kundegruppe/målgruppe
 - Vurdering av marknad og etterspurnad
 - Kostnadar for etablering
 - Forventa konsekvensar for natur og miljø
 - Korleis produktet eller tenesten er i høve til eit berekraftig perspektiv
- Innsendte forretningsidear vil bli vurdert etter desse kriteria:
 - Om ideen er i tråd med verdiskapingsprosjektet sine mål og strategiar (http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/SVR_dok/Prosjektbeskriving%20-%20Kunnskapsformidling%20om%20villrein%20og%20villreinfjellet.pdf?epslanguage=no). Her er det særleg viktig at forretningsideen ikkje medfører forstyrning av villreinen eller forringing av villreinen sitt leveområde.
 - At forretningsideen økonomisk og praktisk er mogleg å sette ut i livet
- Styringsgruppa for verdiskapingsprosjektet utgjer juryen for konkurransen. Det er ein føresetnad at verdiskapingsprosjektet og verneområdestyret for SVR kan publisere og nytte innkomne forslag som dei ønskjer.

Du kan finne meir informasjon om verdiskapingsprosjektet i denne lenka (<http://www.nasjonalparkstyre.no/svr/Planer-og-publikasjoner/Villreinfjellet-som-verdiskapar/>). Spørsmål om konkurransen kan og rettast til verneområdeforvaltar Alf Odden, tlf. 48044583, e-post fmroad@fylkesmannen.no

Frist for innsending av foretningsidear er sett til 1. april 2020. Foretningsideane sendast på e-post til fmavpost@fylkesmannen.no. Vinnarane vert gjort offentleg på Heiplansamlinga 2020

Sak. 3 Status i arbeidsgruppene

Arbeidsgruppe 1. Kunnskap om villrein og villreinfjell til barn og unge

Sidan sist møte er det gjennomført feltdagar med ungdomstrinnet ved Bykle skule. Vart halden på Bjåen i samarbeid med Fjellreinskulen. Godt fagleg førebudd opplegg av Fjellreinskulen. Gode attendemeldinger frå elevar og lærarar.

Opplæringsjakt på villrein gjennomført for ungdom i aldersgruppa 16 – 20 år helga 6 – 8 september. Turen gjekk til Såvatn i Valle. Statskog hade ansvaret for det praktiske opplegget. 8 deltakarar frå Åseral og Bygland. Vellukka på alle vis.

Arbeidsgruppe 2 Møteplass villreinfjellet

Siste post på årets program er som medansvarleg for gjennomføring av eit sluttseminar for GPS-merkeprosjektet i Setesdal Ryfylke. Arbeidsgruppa jobbar nå med programmet for 2020.

Arbeidsgruppe 3 Villreinen og kulturarven

Har i 2019 gjennomført til saman 5 naturlosturar til utvalde kulturminnelokalitetar. Ein god måte å formidle villreinhistoria og kulturminne på. Vil halde fram med slike i 2020

Lokale ressurspersonar skriv den lokale villreinhistoria for utvalde kommunar. Historia for Sirdal og Hjelmeland er langt på veg ferdig vil bli publisert i løpet av hausten. Aktuelt med ei form for utstilling på skulene basert på dette. For 2020 står kommunane Åseral, Kvinesdal og Bygland for tur.

Restaurering av utvalde villreinrelaterte kulturminne. Eigen søknad til aktuelle fylkeskommune.

Tar sikte på gjennomføring av nytt vertskapskurs i 2020. Viktig at marknadsføring skjer breidt og i god tid.

Digital informasjon om kulturminnelokalitetar i heia – legg opp til å nytte eksisterande løysing på appen Hidden. Må supplere infomrasjonen som ligg i denne.

Arbeidsgruppe 4 Sti- og løypeplan – adaptiv løypeforvaltning

Kommunane som jobbar med sti- og løypeplanar kan få fagleg bistand av Aust-Agder fylkeskommune v/Øystein Kristensen (temakart mv).

Aktuelt å samle relevant fagleg stoff for slike planar gjennom revitalisering av sida www.heiplanen.no

Seminarrapporten frå samlinga om sti- og løypeplanar på Haukeliseter vert snart send ut. I følgjebrevet vil det bli beden om innspel på kva tema kommunane treng fagleg påfyll, og om det er behov for ny fagsamling i 2020 på utvalde tema.

Sak 4 Dato for nytt møte i styringsgruppa

Styringsgruppa ønskjer å vera «tettare på» i arbeidet som gjerer i prosjektet. Neste møte vert halden på hotellet på Fidjeland i Sirdal frå kl. 17.00 21. november til føremiddagen 22. november. Prosjektleiarane snekrar program og vert med på samlinga.

Sak 5 Eventuelt

Inga saker

Jørn Haug, referent